



Vår saksbehandler:

Deres ref.:

Deres dato:

Vår ref.:

Vår dato:

Tone Holvik
Tlf: 57 84 50 13

10/9551

07.10.2010

Det Kongelige Arbeidsdepartement
Postboks 8019 Dep

0030 OSLO

Foreløpig svar på høring NOU 2010:5 - Aktiv deltakelse, likeverd og inkludering - et helhetlig hjelpemiddeltilbud

Ovenfor nevnte høring ble behandlet i helse- og omsorgsutvalget i Vågsøy kommune 05.10.2010 i sak 025/10 og følgende vedtak ble fattet:

"Helse- og omsorgsutvalget sender høringsuttalen som svar frå Vågsøy kommune".

Rådet for funksjonshemmede i Vågsøy kommune hadde møte 07.10.2010 og behandlet denne saken, og vedtaket er at de slutter seg til vedtaket i Helse- og omsorgsutvalget.

Endelig vedtak i saken vil bli gjort av kommunestyret 20.10.2010. Da møtet i kommunestyret er satt til etter høringsfristen fra Arbeidsdepartementet, sendes vedtaket i Helse- og omsorgsutvalget som foreløpig svar til høringen. Endelig vedtak i kommunestyret vil bli ettersendt.

Høringsuttale frå Vågsøy kommune:

Vågsøy kommune vil peike på at Noreg allereie har ein svært god modell for hjelpemiddelformidling, og kan ikkje sjå at det er eit reformbehov i høve til denne modellen slik utvalet peiker på. Modellen er god for den enkelte brukar, og samfunnsøkonomisk er den gunstig mellom anna fordi mange eldre funksjonshemma kan bu i eigen bustad svært lenge, og yngre funksjonshemma i stor grad får høve til sosial deltaking i yrkes- og samfunnsliv m.a. takka vere gode tekniske hjelpemiddel. Rettane til det å få eit hjelpemiddel er knytt opp til brukaren sitt behov, uavhengig av funksjonsnivå, kvar ein bur, økonomien til den enkelte og på kva arena hjelpemiddelet skal brukast. Prinsippet om likskap for lova, og det at tilbodet er tilnærma likt over heile landet er sentralt i den modellen vi har i dag. Vågsøy kommune vil kommentere enkelte moment i forslaget spesielt:

OPPGÅVE OG ANSVARSFORDELING MELLOM KOMMUNE OG STAT

Utvalet tilrår ei formalisert og endra oppgåve- og ansvarsfordeling mellom kommune og stat. Mellom anna rår dei til at den enkelte kommune skal ha ansvar både for forvaltning og formidling av basishjelpemiddel, også finansiering av desse. Utvalet nemner at kostnadskontroll er viktig. Etter deira syn vil eit økt kommunalt ansvar for basishjelpemiddel gjere det muleg å ha ein meir samla vurdering av nytte og kostnad av saker knytt til hjelpemiddel, og at ein i større grad enn no vil måtte sjå utgifter til personellressursar i pleie

Postadresse	Fakturaadresse	Besøksadresse	E-postadresse	Telefon:	Bankkonto
Vågsøy kommune	Vågsøy kommune	Rådmannen	post@vagsoy.kommune.no	57 84 50 11	7874 0681264
Postboks 294	Postboks 314	Gate 1 64, Måløy	Internettadresse	Telefaks:	Org.nr.
6701 MÅLØY	6702 MÅLØY		www.vagsoy.kommune.no		942 952 880

Vår saksbehandler:

Tone Holvik
Tlf: 57 84 50 13

Vår ref.:

10/9551

Vår dato:

07.10.2010

og omsorg opp mot investeringar i hjelpemiddel. Dei drøftar også kva som er best, eit detaljert regelverk som i dag eller større grad av skjønn.

Vågsøy kommune meiner at ein med ein slik modell bryt med det etablerte prinsippet vi har i dag om at brukaren har rett på eigna hjelpemiddel utifrå eit dokumentert behov, og at forslaget vil svekke retten til å få eigna hjelpemiddel. Den funksjonshemma vil ikkje lengjer ha rett på best og billegaste eigna teknisk hjelpemiddel dersom behovet er der, det vil vere kommunen si økonomiske stode, saksbehandlar sitt skjønn og tidspunkt på året som vil kunne avgjere om brukaren får hjelpemiddelet. I høve til behovet for og bruk av skjønn i prosessen, meiner vi at dette blir godt ivareteke allereie i dag. I det kommunale hjelpeapparatet brukar ein mykje skjønn i forkant av sjølv søknaden når ein vurderer kva behov den enkelte brukar har og korleis ein kan oppnå god funksjon ved hjelp av hjelpemiddelet, og det blir vurdert korleis vi kan nå målet med billegaste løysing. Vi meiner og at omsynet til kost- nytteverdi i høve til hjelpemiddel blir godt ivareteke med NAV sine prisforhandlingar, gjenbruk av hjelpemiddel og vektlegging av prinsippet om billegaste muleg løysing. Vi ser på forslaget frå utvalet som ei alvorleg svekking av den funksjonshemma sine rettar, og trur det vil kunne føre til store forskjellar mellom kommunane. Når kommunane må velje mellom å bruke ressursar til tekniske hjelpemiddel framfor å bruke dei på personell, veit vi av erfaring frå kommunale sjukeheimar at det er vanskeleg å setje av tilstrekkeleg ressursar på t.d. nye senger, heisar, stolar m.m., og over tid fører det til ei alvorleg svekking av hjelpemiddelparken. Med mange små kommunar kan det bli vanskeleg å ha eit hjelpemiddellager som opprettheld ein god kvalitetsstandard og bredde i produktspekteret.

Utvalet foreslår at staten framleis skal ha ansvaret for forvaltning og formidling av hjelpemiddel, blant anna dyrare hjelpemiddel og hjelpemiddel som krev spesialtilpassing. Hjelpemiddel til undervisning blir knytt til skule, heisar og løfteanordningar til Husbanken, spesialist helsetenesta får ansvar for hjelpemiddel i og utanfor institusjon, hjelpemiddel til å betre funksjonsevna i arbeidslivet blir flytta til ein ny arbeidsmarknadslov m.m. I kap. 16: Utvalet sine tilrådingar, bli det fleire gangar brukt orda å rydde opp i ansvaret. Etter vårt syn er dei foreslått modellane med på å gjere ansvarstilhøva lite oversiktlege og rotete. Konsekvensen kan bli manglande oversikt, gråsoneproblematikk, økt tidsbruk og eit hjelpemiddelsystem som blir meir fragmentert og lite samkøyrtd. Kven skal vurdere om når ei sak er samansett, når skal hjelpemiddelsentralen ta over saka? Særleg i høve til barn kan dette bli komplisert og vanskeleg. I verste fall kan vi over tid få ei uønska utvikling med at brukarar ønskjer å søkje om dyre og komplekse hjelpemiddel fordi staten må betale desse, framfor at dei vel enklare løysingar fordi desse må dekkjast over eit kommunalt budsjett.

Vi støttar utvalet sitt forslag om å fjerne aldersgrensa på treningshjelpemiddel, men er sterkt ueinig i at kommunane skal ha finansierringsansvaret. Igjen vil vi peike på at det da vil vere kommunen sin økonomi og føringar, og ikkje brukaren sitt behov, som avgjer om den funksjonshemma får det utstyret han treng.

KUNNSKAP, KOMPETANSE, SÅRBARHEIT OG VALFRIDOM

Vågsøy kommune vil peike på at dagens ordning med ein stor, oversiktleig og samla kompetanse i dei forskjellige Hjelpemiddelsentralane representerer ein vesentleg ressurs, og representerer ein styrke og tryggleik for dei forskjellige kommunane. Med små og sårbare

Vår saksbehandler:

Tone Holvik
Tlf: 57 84 50 13

Vår ref.:

10/9551

Vår dato:

07.10.2010

fagmiljø i den enkelte kommune, representerer hjelpemiddelsentralane ein stabilitet og ein samla kunnskap som er særdeles viktig. Oppsplitting av dei enkelte ansvarsområda for hjelpemiddel som utvalet skisserer, vil kunne svekke denne samhandlinga vesentleg, og føre til at kompetansen i kommunane blir enda meir sårbar enn den er i dag. Vi stør utvalet si tilråding om auka satsing på kompetanse, forskning og innovasjon på hjelpemiddelområdet.

Bruk av tilskot i staden for hjelpemiddel, t.d. heistilskot, er allereie litt i bruk i dag, og vi ser positive ringverknader av det, men meiner at dette berre kan brukast i spesielle saker, ikkje som ein gjennomført regel på mange felt. Vi kan ikkje sjå at det betrar brukarane sin valfridom vesentleg, etter vårt syn er denne godt ivareteken med eksisterande system. Med utstrakt bruk av tilskot vil brukaren sin personlege økonomi blir avgjerande for om dei får best eigna hjelpemiddel. Tilskotet vil ikkje bli stort nok til å dekkje utgiftene til å velje det dyraste hjelpemiddelet dersom det syner seg å vere det best eigna. Prinsipielt vil det offentlege med ei slik ordning berre ta eit delansvar for brukaren sitt behov for hjelpemiddel, og ikkje ha eit fagleg ansvar i prosessen med å velje den beste løysinga.

Konklusjon:

Slik Vågsøy kommune samla sett vurderer utvalet sine forslag, meiner vi dei vil svekke dagens velfungerande system. Det vil svekke brukarane sine rettar som i dag byggjer på dokumentert behov og kunne føre til uklare ansvarstilhøve. Brukarane sin personlege økonomi vil i større grad kunne bli avgjerande for om han får best eigna hjelpemiddel. Vi kan ikkje sjå at eit endra system vil gje større samfunnsnyttig økonomisk innsparing enn det dagens system kan. Den faglege kunnskapsbasen som systemet i dag representerer, vil bli kunne bli svekka og meir sårbar.

Med hilsen

Tone Holvik
kommunalsjef